

## PÅMELDING

Gå inn på nettsida [kyrkja.no/fusa](http://kyrkja.no/fusa). Trykk på **Konfirmasjon** (øverst på sida), og deretter på **Påmelding** (nede på sida). Fyll inn informasjon i feltene, og **send bilete av konfirmanten** til oss på epost [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)!

**Påmelding innan 30. juni!**

De vil få utdelt ein detaljert plan for hausten under informasjonsmøtet 27. august; vårplanen kjem på e-post i starten av januar.

**Merk:** Dersom konfirmanten treng særleg tilsyn, har allergiar, eller andre liknande ting, er det viktig at me får vita om det. Før det opp på registreringsskjemaet, eller kontakt ein av oss direkte. Alle er velkomne til konfirmasjon – og me vil gjera vårt beste for å tilpassa opplegget etter særlege behov.

## DEN STORE DAGEN

I 2022 har me desse konfirmasjonsgudstenestene i Fusa sokn:

- Laurdag 30. april: **Sundvor** (1 gudsteneste)
- Sundag 1. mai: **Fusa** (2 gudstenester)
- Laurdag 7. mai: **Strandvik** (1 gudsteneste)
- Sundag 8. mai: **Hålandsdalen** (1-2 gudstenester)

## KONTAKT OSS

Er det noko du lurer på? Ta gjerne kontakt med Fusa kyrkjekontor på telefon **56 58 01 81** eller epost [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no). Stikk gjerne òg innom på 2. høgda på Fjord'n senter, eller finn oss på Facebook (Fusa sokn)!



Sokneprest  
**Einar Ekerhovd**


913 82 964  
[ee374@kyrkja.no](mailto:ee374@kyrkja.no)



Kyrkjelydspedagog  
**Norunn Rød Markhus**

916 37 713  
[nm727@kyrkja.no](mailto:nm727@kyrkja.no)

# KONFIRMASJON 2022



STØRST AV ALT

- i Fusa sokn

# VELKOMEN SOM KONFIRMANT!

No som du snart skal starta i 9. klasse, vil me gjerne ynskja deg velkomen til konfirmasjon i Fusa kyrkjelyd. Me vil invitara deg om du trur på Gud, om du tvilar, eller om du berre er nysgjerrig. Alle er velkomne!

Konfirmantopplegget er tredelt. **Alle delane er obligatoriske.** Heile konfirmantopplegget kostar **800,-**.

## DEL 1: LEIR OG BASIS

Det fyrste som skjer i konfirmantåret er eit **informasjonsmøte** saman med foreldre. Dette vert på **Eikelandssosen bedehus fredag 27.08., 18:00**, og her vil de få informasjon og planar for resten av hausten, samt at det vert ei kort undervisingsstund.

I tillegg vil me invitara alle konfirmantane kvar for seg til ein kort **forventingssamtale** på kyrkjekontoret, der du mellom anna får koma med forslag om kven du vil bu på rom med på konfirmantleiren. I tillegg vil me snakka litt saman om kva forventingar me skal ha til kvarandre i løpet av året. Desse samtalaner skjer etter skuletid i tida før konfirmantleiren.

Men det vert felles kick-off for konfirmantåret med **konfirmantleiren (10.-12. september)**. I år skal me samlast på **Strandebarm Sportell**, der det er gode friluftsområde med høve til bading, og mykje rom for sport og aktivitet. Me vil ynskja dykk offisielt velkomne til konfirmanttida og gje dykk ei helg som er vanskeleg å gløyma – og samstundes, undervisa litt om kven Gud er og kva han har å seia til oss i dag. Leiren vert avslutta med familiegudsteneste på Eikelandssosen bedehus **sundag 12., 15:00**. Her er foreldre og familie særleg inviterte.

## DEL 2: UNDERVISING

Alle konfirmantar skal delta på 1-2 **undervisingsamlingar** kvar månad: Somme av desse er på Eikelandssosen bedehus, somme er i kyrkja du skal konfirmerast i, og somme er heimesamlingar hjå folk i nærområdet ditt. Du skal òg delta på desse opplegga:

- ⇒ **Innsamlingsaksjonar** – kalenderaksjonen på hausten, og fasteaksjonen på våren.
- ⇒ **Temadagar** – Det vert minst to temadagar. Den fyrste er til hausten:

- **9. november: Farmen-prest Thor Haavik** snakkar om gode grunnar til å tru på Gud, og vandringa med Jesus som ven.

⇒ **Konfirmantfest** – Ein avsluttingsfest for året saman med foreldre, heilt i tampen på april.

## DEL 3: GUDSTENESTER

Gudstenester er ein viktig del av opplegget vårt, og me legg opp til at du skal vera med på **minimum fire** sjølvvalde gudstenester. I tillegg kjem desse særleg oppsette gudstenesteopplegga:

- ⇒ **Presentasjonsgudsteneste** – Presentasjonsgudstenesta skjer i kyrkja der du skal konfirmerast, og vert spreidd utover helgene rundt konfirmasjonsleiren. Om du ikkje kan møte opp på gudstenesta der du er sett opp til å vera med, kan du koma på ein av dei andre – men **ta kontakt for å melda ifrå!**
  - **19.09.:** Fusa kyrkje 11:00 / Sævareid kapell 16:30 (for Sundvor)
  - **26.09.:** Hålandsdalen kyrkje 11:00 / Strandvik kyrkje 16:30
- ⇒ **Gudstenesteplanlegging** – Gjennom konfirmantåret skal du vera med og ha teneste på ei gudsteneste i den lokale kyrkja di. Dette skjer i små grupper på tre til fem. **Datoar kjem seinare.** Det vert eit planleggjingsmøte for gudstenesta på kyrkjekontoret tysdag i same veka gudstenesta skal vera, der de får vera med og gjera klart programmet. På sjølve dagen får du tenester saman med kyrkjevortane.

## !! OM KORONAVIRUSET OG SMITTEVERN !!

I desse tidene me er i no er det viktig å passa på at me ikkje står i fare for å spreia smitte. Me vonar at alle konfirmantar og føresette er med på tiltak for å redusera risikoen for smittespreiing. Me kjem òg heile tida til å følgja råd frå helsemyndighetene, og innføra tiltak dersom det trengst.

## EIN SÆRLEG NOTIS TIL FORELDRE:

Me vonar de er på Facebook. Søk opp gruppa *Konfirmantforeldre i Fusa 2021-2022* og be om å få bli med. Her vil me leggja ut diverse informasjon undervegs.